



# Plan for språkstimulering i barnehagane i Seljord

## Grunnmodell for systematisk språkstimulering

Vaksenrolla:	Kommunikasjon - Personalets grunnhaldning til arbeidet med barn
<p><b>Rammeplanen:</b> Vere bevisste på at dei er førebilete når dei lyttar, gir konstruktiv respons og bruker kroppsspråk, talespråk og tekst.</p> <p><b>Lokal rammeplan:</b> Personalet skal vere bevisste språkmodellar, verbalt og nonverbalt.</p> <p>Kvart barn og deira familiar skal bli møtt med anerkjening, respekt, toleranse og omsorg av personalet.</p>	<p>Å syne respekt: Personalet i alle barnehagane i kommunen skal ta barn på alvor som ein likeverdig person og godkjenne barndommen som ein livsfase med sin eigen verdi, eigenart og kultur.</p> <p>Å ha tillit: Personalet skal anerkjenne at det ligg meining og vurderingar bak alt som eit barn gjer, og unngå å møte barn med negative forventningar.</p> <p>Å vere merksam: Personalet skal vere nærverande og tilgjengelege, og så langt som mogleg fange opp og reagere positivt på barnas signal og søke å tolke deira meining.</p> <p>Å vere tydeleg: Personalet skal kommunisere med klare meldingar, utan dobbeltbodskap og skjult dagsorden.</p> <p>Å vere fleksibel: Personalet skal øve opp evna til å forstå hendingar og handlingsmåtar ut frå barnas synsvinkel, og handle deretter.</p> <p>Å inspirere: Personalet skal støtte barnas motivasjon, fordjuping og konsentrasjon gjennom passande, aldersrelevante utfordringar.</p> <p>Frå Lise Ahlmann: "Innlært hjelpeløshet"</p>

<b>Vaksenrolla:</b>	<b>Prinsipp for alt språkarbeid i barnehagane i Seljord:</b>
<p><b>Rammeplanen:</b>  Leggje til rette for meningsfulle opplevingar og skape tid og rom for bruk av nonverbalt og verbalt språk i kvardagsaktivitetar og leik og i meir tilrettelagde situasjonar.</p> <p><b>Lokal rammeplan:</b>  Gje barna samanhengande tid med minst mogleg avbryting.</p>	<p>Barnehagane skal arbeide målretta og systematisk frå starten av. Det er viktig å byggje opp eit språkleg miljø prega av struktur og oversikt. I samarbeid med foreldra skal vi systematisk registrere og følgje opp det einsskilde barn si språkutvikling. Vi nyttar i dag eit språkregistreringsskjema, TRAS, Tidlig Registrering Av Språkutvikling. Dersom det viser seg at barnet har bestemte utfordringar, følgjer vi det opp i samarbeid med foreldra og ev. spesialpedagog, logoped og andre faginstansar.</p> <p>For å nå det einsskilde barnet best mogleg, har vi stor nytte av å dele barna inn i mindre grupper. På den måten får vi meir tid og større ro og konsentrasjon i samveret mellom barn, og mellom barn og vaksne. Når dei vaksne har ei klar ansvarsfordeling seg i mellom, og arbeider enkeltvis med små barnegrupper, vil barnet automatisk kome sterkare i fokus. Det gjev rom for større medverknad frå barn i dagleg arbeid og opplevingar.</p> <p>Gjennom samtale og samarbeid med andre barn og vaksne utviklar språket seg i takt med erfaringane barnet gjer seg. Personalet ynskjer å trekke barna med seg i alle oppgåver i barnehagen. Sansing, utforsking og eksperimentering skjer heile tida, i leik, arbeid, rutinesituasjonar, på turar, i ulike tilrettelagde aktivitetar og i meir spontane aktivitetar. Barna skal gjere erfaringar saman med andre barn og vaksne. Forsking viser at barn lærer best av kvarandre, difor må personalet leggje til rette for både aldersblanda grupper og grupper av jamnaldrande barn. Det er og viktig å leggje til rette for at barna får erfaringar med å lytte og å vente på tur som ein viktig del av den språklege samhandlinga. Dei vaksne skal "bade" barna i ord, hjelpe dei med å utvide ordforrådet, gje dei rom til å praktisere språket og hjelpe dei med å gjere seg forstått. Opne spørsmål frå dei vaksne gjev rom for undring, refleksjon og filosofering.</p> <p>Dei vaksne skal vere førebilete når dei lyttar, gjev konstruktiv respons og nyttar kroppsspråk, talespråk og tekst.</p> <p>Den lokale rammeplanen i Seljord legg vekt på at personalet skal nytte lokal dialekt og nynorsk i songar, forteljingar, rim og regler så langt det let seg gjere, og at barna skal bli kjent med lokal kulturarv.</p> <p>Seljord har også barn med anna morsmål enn norsk. Det er viktig at personalet syner positive haldningar til barnets morsmål, og har forståing for at morsmålet til barnet er viktig for barnets utvikling. Personalet skal difor støtte og stimulere barna til å vere språkleg aktive, i tillegg leggje til rette for ekstra støtte gjennom m.a. mindre språkgrupper.</p> <p>Det er viktig at dei vaksne kontinuerleg reflekterer over eigen praksis og det som skjer i barnehagen. Til det nyttar vi ulike metodar som praksisforteljingar, kollegaveiledning og videoobservasjon (Marte Meo). Jamnleg oppdatering av ny kunnskap innanfor området er viktig.</p>

Vaksenrolla:	Arbeidsmåtar vi bruker i Seljord:	Materiell/Verktøy/Stoff/Hjelpemiddel:
<p><b>Rammeplanen:</b> Skape eit språkstimulerande miljø for alle barn og oppmuntre til å lytte, samtale og leike med lyd, rim og rytme, og til å fabulere ved hjelp av språk og song.</p>	<p><b>For alle barna:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Lese for barn kvar dag</li> <li>- Samtale om bøker vi les</li> <li>- Bøker skal vere tilgjengelege for barna.</li> <li>- Tal- og bokstavsymbol skal vere tilgjengeleg for barna.</li> <li>- Bruke konkretar når ein fortel og forklarar</li> <li>- Synge kvar dag</li> <li>- Fortelje eventyr, soger og segn.</li> <li>- Arbeide med lydar, stavingar, takt og rytme i ord..</li> <li>- Gjentakingar</li> <li>- Sette ord på alt vi gjer</li> <li>- Møte barns kjensler og reaksjonar, sette ord på det</li> <li>- La barn møte skriftleg tekst</li> <li>- Leike med språket kvar dag</li> <li>- Tøysevers</li> <li>- Rim og regler</li> <li>- Leikar som trener minnet: Kims leik, Tampen brenn ol.</li> <li>- Norsk m/teiknstøtte</li> <li>- Motorisk aktivitet</li> <li>- Språkgruppe</li> </ul>	<p><b>For alle barna:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bøker, variert utval av litteratur</li> <li>- Bilete som utgangspunkt for samtale</li> <li>- Språkposar</li> <li>- Snakkepakken</li> <li>- Skattekameret (konkretar)</li> <li>- Flanellograf og Whiteboard tavle</li> <li>- Tal</li> <li>- Bokstavar</li> <li>- Songkort, songbøker</li> <li>- CD-spelar og utval av musikk</li> <li>- Instrument</li> <li>- Utkledningstøy</li> <li>- Datautstyr, fargeskrivar, fargekopimaskin</li> <li>- Skrive- og bildebehandlingsprogram</li> <li>- Lamineringsmaskin</li> <li>- Div. spel: Lydlotto, Lotto, Memory</li> <li>- Gymapparat, m.a. trampoline, ribbevegg, tjukkas</li> <li>- Tittkasse</li> <li>- Følepose</li> </ul>
	<p><b>For dei yngste barna:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kroppsrime/regler</li> <li>- La barna bruke heile kroppen</li> <li>- Synge meldingar og lage songar om daglege ting</li> </ul>	<p><b>For dei yngste barna:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Instrument t.d. trommer, pinnar, egg.</li> <li>- Biletbøker med og utan tekst</li> <li>- Myldrebøker</li> <li>- Henge opp regler, t.d. kroppsregler over stelleplassen</li> <li>-</li> </ul>
	<p><b>For dei mellomste barna:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Rolleleik</li> <li>- Rammeleik</li> </ul>	<p><b>For dei mellomste barna:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bøker</li> <li>- Utstyr som stimulerer rolleleik</li> </ul>
	<p><b>For dei eldste barna:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Tekstskaping</li> <li>- Musikkeventyr</li> <li>- Dramatisere eit eventyr</li> <li>- Trene minnet og evna til presis skildring</li> <li>- Vitsar og gåter</li> <li>- Førskulegruppe</li> </ul>	<p><b>For dei eldste barna:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Leik med språket. (Bøhn)</li> <li>- Språkleker (Frost/Lønnegård)</li> <li>- Språkleikar (Løge)</li> <li>- Fortsettelsesbøker</li> <li>- Språkverkstedet (Lyster, Tingleff, Damm &amp; sønn)</li> <li>- Ringeriksmaterialet (Lyster, Tingleff)</li> <li>- Språksprell (Gyldendal)</li> </ul>

Vaksenrolla:	Arbeidsmåtar vi bruker i Seljord:	Materiell/Verktøy/Stoff/Hjelpemiddel:
<p><b>Rammeplanen:</b> Vise forståing for at morsmålet til barnet er viktig.</p> <p><b>Rammeplanen:</b> Oppmuntre barn med to- eller fleirspråkleg bakgrunn til å vere språkleg aktive og samtidig hjelpe dei til å få erfaringar som byggjer opp begrepsforståinga og ordforrådet på norsk.</p>	<p><b>For alle barna:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Personalet må ha kunnskap om land og forhold barna kjem ifrå.</li> <li>- Synleggjere barnas kultur- og tradisjonsbakgrunn.</li> <li>- Nytte dei minoritetsspråklege som ein ressurs</li> <li>- Synleggjere gleda og ressursen ved å kunne fleire språk.</li> <li>- Lære enkle kvardagsord på barnas morsmål.</li> <li>- Synleggjere barnas morsmål med skriftspråk og bilete.</li> <li>- Lage ordbøker.</li> <li>- Nytte musikk, song og litteratur på morsmålet til barnet.</li> <li>- Barnehagen må tilpasse skriv og informasjon til den målforma som passer best.</li> <li>- Trekke foreldra aktivt med.</li> <li>- Faste språkgrupper med vekt på begrepsinnlæring</li> <li>- Bruke kontaktbok som bindeledd mellom barnehage og heim</li> <li>- Morsmålsassistent</li> <li>- Ta i mot vaksne elevar i språkpraksis.</li> </ul>	<p><b>For alle barna:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Faktabøker om dei aktuelle landa</li> <li>- Musikk, song og litteratur frå andre land.</li> <li>- Snakkepakken. (Ihlen /Finnanger)</li> <li>- ”Lær meg norsk før skolestart” Oslo kommune, Bjerke bydel</li> <li>- Eige kartleggingsprogram for framandspråklege barn (under arbeid)</li> <li>- Språkopplegg for minoritetsspråklege barn, Drammen kommune</li> <li>- ”Ord som gror - lek og lær”. Lørenskog kommune (Spesialpedagog har verktøyet)</li> <li>- Diverse spel</li> </ul>

<b>Vaksenrolla:</b>	<b>Arbeidsmåtar vi bruker i Seljord:</b>	<b>Materiell/Verktøy/Stoff/Hjelpemiddel:</b>
<p><b>Rammeplanen:</b> Støtte barn som har ulike former for kommunikasjonsvanskar, er lite språkleg aktive eller har sein språkutvikling.</p> <p><b>Lokal rammeplan:</b> Personalet skal systematisk registrere barnas språkutvikling.</p> <p>Barna skal få systematisk oppfølging i si språkutvikling</p>	<p><b>For alle barna:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Barn med sein utvikling må få tidleg og god hjelp</li> <li>- Samarbeid med spesialpedagog og logoped</li> <li>- Spesialpedagogisk hjelp</li> <li>- Samarbeid med andre faginstansar</li> <li>- Kompetanseutvikling og bevisstgjerjing av personalet</li> <li>- Tett og god foreldrekontakt</li> <li>- Finn styrken og interessene hos barnet</li> <li>- Norsk med teiknstøtte</li> <li>- Visualisering</li> <li>- Motorisk trening og fysisk aktivitet</li> <li>- Kartlegging</li> <li>- Ros og respons</li> <li>- Teach-metodikk</li> <li>- Små grupper</li> <li>- Språkgrupper</li> <li>- Allsidig fysisk aktivitet</li> </ul>	<p><b>For alle barna:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Snakkepakken (Ihlen /Finnanger)</li> <li>- Språkposar</li> <li>- Norsk med teiknstøtte, t.d. oppslag, perm, dataprogram</li> <li>- Flanellograf</li> <li>- Whiteboardtavle</li> <li>- Dagtavle</li> <li>- Rytmeinstrument/lydverktøy</li> <li>- Songar, regler, rim</li> <li>- Data, ulike dataprogram</li> <li>- Munnmotorikk– ulike øvingar</li> <li>- Sansemotorikk – ulike øvingar</li> <li>- TRAS (Bredtvet og Eikelund kompetansesenter/Senter for leseforskning/ Senter for atferdsforskning/ Institutt for spesialpedagogikk)</li> <li>- ”Askeladden” – språkscreeningstest</li> <li>- Teach-metodikk (Schopler/ Mesibov, University og North Carolina)</li> </ul>
	<p><b>For dei eldste barna:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Lage gode overgangsrutinar barnehage/skule</li> </ul>	<p><b>For dei eldste barna:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Språkverkstedet (Lyster, Tingleff, Damm &amp; sønn)</li> <li>- Ringeriksmaterialet (Lyster, Tingleff)</li> <li>- Språksprell (Gyldendal)</li> </ul>

Vaksenrolla:	Arbeidsmåtar vi bruker i Seljord:	Materiell/Verktøy/Stoff/Hjelpemiddel:
<p><b>Rammeplanen:</b> La barna møte symbol som bokstavar og siffer i daglege samanhengar og støtte barna når dei tek initiativ til å telje, sortere, lese, leikeskrive eller diktere tekst.</p> <p>Rammeplanen, Fagområdet Tal, rom og form</p>	<p><b>For alle barna:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ha tilgjengeleg: papir og skriveredskap, bokstavar og tal i ulik utforming,</li> <li>- Datamaskin tilgjengeleg for barna</li> <li>- Bokstavar, tal og tekst skal vere synleg.</li> <li>- Nytte same bokstavtype som 1.klasse på skulen.</li> <li>- Merke leikekasser, garderobeplassar, skap, koppar o.l med bokstavar og tekst.</li> <li>- La barna møte tekst i bøker, i song og framføring.</li> <li>- Aktivitetar med rydding og sortering</li> <li>- Bruke lamineringsmaskin til bokstavkort, namneskilt, regleoppslag</li> </ul>	<p><b>For alle barna:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Utstyr til teljing og sortering (matteknappar, klossar m/ulike former, fargar og mønster</li> <li>- Utstyr til å eksperimentere med ulike måleiningar (vekt, volum, lengde, tid og rom).</li> <li>- Bokstavar og tal i ulik utforming, plast, tre, laminerte m.m.</li> <li>- Bøker</li> <li>- Puslespel</li> <li>- Spel: t.d. Memory og Lotto.</li> <li>- Lysbord</li> <li>- Lego/Duplo</li> <li>- Byggjemateriell</li> <li>- Konstruksjonsmaterieill</li> </ul>
	<p><b>For dei yngste barna:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bruke kvardagssituasjonane spesielt</li> <li>- Få erfaring med blyant, fargar, pensel, måling</li> </ul>	<p><b>For dei mellomste barna:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ulike spel med terning</li> <li>- Tellebøker</li> <li>- Alfabetbøker</li> <li>- Eventyr med teljing og bokstavar, t.d. Geitekillingen</li> </ul>
	<p><b>For dei mellomste barna:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Leikeskriving</li> <li>- Skrive kva barna teiknar og fortel</li> </ul>	
	<p><b>For dei eldste barna:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Førskulegruppe med skuleførebuande aktivitetar</li> <li>- Dramatisering</li> <li>- Leikeskriving</li> <li>- Tekstskaping</li> <li>- Logolesing</li> <li>- Arbeide med mengde, form og teljing</li> </ul>	<p><b>For dei eldste barna:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Div. materiell: tal, rom, form, farge, mønster</li> <li>- Lego</li> <li>- Data</li> <li>- Spel og leik som krev skildring og forklaring</li> </ul>

Vaksenrolla:	Arbeidsmåtar:	Materiell/Verktøy/Stoff/Hjelpemiddel:
<p><b>Rammeplanen:</b> Skape eit miljø der barn og vaksne dagleg opplever spenning og glede ved høgtlesing, forteljing, song og samtale, og vere bevisste på kva etiske, estetiske og kulturelle verdiar som blir formidla.</p> <p><b>Lokal rammeplan:</b> Personalet skal nytte lokal dialekt og nynorsk i songar, forteljingar, rim og regler så langt det let seg gjere.</p> <p>Barna skal bli kjent med lokal kulturarv</p>	<p><b>For alle barna:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Barnehagen må ha eit felles arbeidsdokument som inneheld eit utval av lokale segner, songar, rim og regler, kjente stadnamn og lokale tradisjonar frå heile kommunen.(Lokal rammeplan)</li> <li>- Barnehagen må systematisk registrere i arbeidsdokumentet kva lokalt kulturstoff dei arbeider med i løpet av eit barnehageår. (Lokal rammeplan)</li> <li>- Personalet må jamnleg drøfte val av litteratur</li> <li>- Bruk av forteljarteknikk.</li> <li>- Bevisst bruk av høgtlesing</li> <li>- Skape tiltalande rammer med lys, lyd, møblering og utstyr</li> <li>- Alle barn skal jamnleg vitje biblioteket/ Bokbuss</li> <li>- Samarbeid med biblioteket</li> <li>- Lesegrupper</li> <li>- Samarbeid med kulturskulen</li> <li>- Teaterframsyningar i barnehagen</li> <li>- Song og dans</li> <li>- Dramatisering</li> <li>- Vitje kunstutstillingar</li> <li>- Samarbeid med Seljord kunstforening</li> <li>- Samarbeid med lokale kunstnarar</li> <li>- Samarbeid med lokale kulturberarar</li> <li>- Vitje lokale, historiske stader</li> </ul>	<p><b>For alle barna:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Språkpermen med lokalt kulturstoff</li> <li>- Skattekameret</li> <li>- Snakkepakken</li> <li>- Samtalebilete</li> <li>- Rikholdig bokutval tilgjengelig for barna.</li> <li>- Songbøker</li> <li>- Eventyr, segn, fablar, biletbøker frå ulike kulturar og nasjonar</li> <li>- Lese/ Bibliotekkkrok i barnehagen</li> <li>- Enkle rekvisittar og utkleddingstøy</li> <li>- Konkretar</li> <li>- Dokumentasjon i tekst og bilete</li> <li>- Instrument</li> <li>- Songleikar</li> </ul>
	<p><b>For dei mellomste barna:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Høyre lokale segn og soger</li> </ul>	<p><b>For dei mellomste og eldste barna:</b></p> <p><b>Lokale segn:</b> Frå Seljord: Sjøormen, Skåne Bringsås, Soga om Sterke-Nils, Då Heilag Olav fekk tussen til å byggje kyrkje for seg, Tykje Gloslid, Om Hølje Gonge, Guro Heddelid, Kivlemøyane Frå Flatdal: Tårån i trøppin, Bukkespranget, Dei 3 gygrene Frå Åmotsdal: Markenstein, Skuldalsbruri, Fivila, Myllarguten</p> <p><b>Lokale songar:</b> Vesle Nils med lammi um våren, Guro upp i dalen, Myllarguten, Skuldalsbruri</p>
	<p><b>For dei eldste barna:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- "Bokorm" o.l. for å stimulere til lesing</li> <li>- Rollespel</li> <li>- Dramatisere minst eit lokalt segn</li> <li>- Arbeide med segn, stev og songar</li> </ul>	